

# Kva er retten til mat?

Av Margot Iglund Skarpeteig

*Eg tener berre fire kroner for 15 timars arbeid, og det rekk til 1 ½ kilo ris. Kvar kveld må eg og borna mine leggje oss svoltne (jordbruksarbeidaren Lasantha frå India, i intervju hausten 1998).*

Det er ein banal kjensgjerning at mat er nødvendig for å leve. Like fullt er det eit faktum at mange menneske i verda ikkje har nok mat.

Retten til mat har eit normativt og universelt innhald, og inneber at alle menneske har rett til å kunne brødfø seg og sin familie. Menneskerettane seier ikkje at du må ha så og så mykje pengar for å kunne skaffa deg brødet du treng. Dei seier derimot at du har ein moralsk rett til å kunne ete deg mett kvar dag, og at maten skal vere næringsrik og kulturelt akseptabel. Sitatet visar eit eksempel på menneskerettsbrot. Sjølv om Lasantha arbeidar 15 timar om dagen, rekk ikkje løna ein gong til mat til ho og borna hennar. Dei har altså *rett* til meir mat enn det dei faktisk har. Det er ein menneskerett å kunne ete seg mett kvar dag.

Menneskerettane er òg juridiske bindingar. Dei seier at dei statane som har ratifisert FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, har visse plikter overfor innbyggjarane sine. Desse pliktene kan delast inn i fire kategoriar: Staten må for det fyrste respektere retten til mat. Det betyr at staten ikkje må fjerne moglegheiten til å brødfø seg for innbyggjarane. Til dømes skal ikkje staten annektere småbønder sine jordlappar utan å gje dei kompensasjon.

For det andre har staten plikt til å verne om retten til mat. Dersom innbyggjarar står i fare for å miste moglegheiten for å brødfø seg, må staten gripe inn. Til dømes skal staten stoppe ein godseigar som annekterer småbønder sine jordlappar.

For det tredje har staten plikt til å legge til rette for at retten til mat kan sikrast. Staten må altså medvirke til at dei som ikkje har moglegheit til å brødfø seg, kan sikrast dette, til dømes gjennom vedtak om jordreform.

For det fjerde har staten plikt til å hjelpe dei innbyggjarane som sjølv ikkje kan skaffe seg nok mat, som gamle, sjuke og invalide. Til dømes må staten sørge for å hjelpe dei som er utan inntekt, produktiv eigedom eller anna, gjennom eit statleg sosialt tryggleiksnett.

FIAN sine hasteaksjonar har vanlegvis fokus på dei to fyrste pliktene: Staten si plikt til å respektere innbygarane sine menneskerettar, og staten si plikt til å beskytte menneskerettane. Det kostar ikkje mykje å respektere og beskytte retten til mat, og alle land har i det minste moglegheit til sjølv å avstå frå å bryte menneskeretten. Det er vanlegvis viljen det står på, men den kjem ofte ikkje før myndigheitene føler eit press frå omverda.